

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest
Avdeling: Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 12/3635-1

Ny driftskontrakt for Ytre Sunnfjord for perioden 2013-2018. Standard på drifts- og vedlikehaldsoppgåver - Endra

∴ Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Ved utlysning av driftskontrakt for Ytre Sunnfjord for perioden 2013-2018 skal følgjande leggjast til grunn:

1. Ny handbok 111 vert lagt til grunn for drift- og vedlikehald av fylkesvegar i Sogn og Fjordane.
2. Fylkesvegnettet i Ytre Sunnfjordkontrakten skal driftast etter mellomstrategi for vinterdrift (driftsklasse C), med unntak av fv. 553 på Skorpa og fv. 548 Firdavegen i Flora.
3. Driftsentreprenøren må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
4. Driftsentreprenøren må disponere snøfres i periodar med ras og snøfokk.

∴ Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Notat «Innføring av ny standard for drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegar i dei nye vegdriftskontraktane som skal starte hausten 2013 i Sogn og Fjordane», datert 19. april 2012
2. Kart «Framtidige vinterdriftsklassane på riksvegane i Sogn og Fjordane
3. Tabell «1404 Ytre Sunnfjord – vinterstrategi 2013-2018»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. HS-sak 32/05 Oppgradering av standarden for vinterdrift av fylkesvegane i Sogn og Fjordane
2. Handbok 111 Standard for drift og vedlikehold av riksveger (<http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>)
3. Rapport «Samfunnsmessige konsekvenser av ulikt innsatsnivå i drift og vedlikehold» (Veg og ferjerapport Nr 1-2006)

SAKSFRAMSTILLING

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Vi viser til Rammeavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen Region vest, samt brev frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedrørande høyringsnotat om lovforslag Veglova og vegtrafikklova, datert 20.02.2009.

I pkt. 3 i brevet står det: *”Det må ikkje leggjast opp til auka standard eller auka omfang i nye funksjonskontraktar som vert inngått av staten i 2009 for drift og vedlikehald av det øvrige riksvegnettet – utan etter nærare samarbeid og avtale med fylkeskommunane.”*

Vi viser også til vedtak i Hovudutvalet for samferdsle i HS-sak 32/05 frå 22. juni 2005 der det står: *”Standarden for vinterdrift av fylkesvegar i Sogn og Fjordane skal følgje standarden for riksvegar når det vert inngått nye funksjonskontraktar.”* Det har tidlegare vore handsama tilsvarende sak for driftskontraktane for Nordfjord, Midtre Sogn og Hafs.

Driftskontrakt for Ytre Sunnfjord skal lysast ut i 2012, med oppstart 1. september 2013. I saka gjer vi greie for kva funksjonskrav, samt kva innsatsnivå og kva krav til tilstand og/eller krav til tiltak som vi vil legge til grunn for perioden 2013-2018.

Problemanalyse

Vedlikehaldsstandard

Driftskontraktane er bygde opp etter ein landsmal med lokale tilpassingar for kvar kontrakt. Kontraktane er under stadig utvikling, og vi jobbar med ei målsetjing om forbetring/utvikling av kontraktane slik at vi får ei best mogeleg utnytting av ressursane, samt at vi har eit drifts- og vedlikehaldsnivå som er akseptabelt for brukarane av vegnettet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare lagt til grunn at fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med standardkrav gitt i vegvesenet si handbok 111 ”Standard for drift og vedlikehold” (uprenta vedlegg). For den vidare graderinga av kva krav som gjeld for den aktuelle strekninga, skal årsdøgertrafikk (ÅDT) på vegstrekninga leggjast til grunn.

I 2012 kjem handbok 111 i revidert utgåve. Dette gir ein del endra krav til standard og utførsle. Det er også innført krav som vil endre tiltakstid, utløysande standardkrav, mengder og areal. Det er valfritt for fylkeskommunen kva standard som vert nytta.

Statens vegvesen har gjort greie for innføring av ny standard for drift og vedlikehald av riksvegar i dei nye driftskontraktane som skal starte hausten 2013 i eige notat (vedlegg). Her er det òg gjort vurderingar for fylkesvegnettet. Den nye handboka er ikkje formelt godkjent og er ikkje lagt ut på nettet enno. Vi tilrår at den nye standarden for drift og vedlikehald av riksvegar, handbok 111, vert lagt til grunn for fylkesvegane i driftskontrakt Ytre Sunnfjord. På nokre strekkingar vert det føreslege å fråvike denne standarden. Dette er i tråd med avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen, samt den standarden som er lagt til grunn i gjeldande kontrakt.

Omtale av kontraktsområde 1404 Ytre Sunnfjord

Kontrakten for Ytre Sunnfjord omfattar drift og vedlikehald av riksvegar, fylkesvegar, samt gang og sykkelvegar langs riksvegar og fylkesvegar i kommunane Flora, Bremanger og deler av Gloppen og Naustdal.

Det er totalt 424 km veg i kontraktsområdet (sjå kart):

- 37 km riksveg

- 384 km fylkesveg
- 2 km gang- og sykkelveg langs riksveg
- 1 km gang- og sykkelveg langs fylkesveg.



Vegar som blir drifta av Flora kommune.

Flora kommune har hatt driftsansvar for nokre fylkesvegar i Flora kommune etter eigen avtale. Desse vegane er ikkje med i denne kontrakten. Dette gjeld drift og vedlikehald av fv. 522 på øya Reksta (6 km) og fv. 551 på Askrova (8,7 km), samt fv. 545 Kinnvegen, Thor Solberg veg, Havrenesvegen og Michael Sarsgate (4,7 km).

Kommunen driftar også rv. 5 frå Skudalen (Shell) til Fugleskjærskai i Florø (815 meter). Avtalen med Flora kommune blei sist reforhandla i 2007. Avtalen gjeld fram til den blir sagt opp, men for minst 5 år med 2 års gjensidig oppseiingstid. Refusjon til kommunen vert utbetalt ein gong pr. år. For fylkesvegane vart det utbetalt om lag 656.000 kroner i 2011.

Trafikk

Trafikken på vegnettet varierer frå 10 til 2500 køyretøy i gjennomsnitt pr. døgn (ÅDT), og det er forventa ein generell årleg trafikkvekst på 2,0 %. ÅDT i krysset mellom kommunal veg og rv 5 og fram til kryss fv 548 ved samfunnshuset i Florø sentrum (150 m) har ein ÅDT på om lag 6000.

Orientering om vegnettet

Det er varierande standard og tilstand på vegane i kontraktområdet. Alle vegar har fast dekke. Mykje av vegnettet er gammalt og tilstanden varierer difor mykje. Dette utløyser omfattande behov for innsats innan drift- og vedlikehald, både sommar og vinter. Nokre fylkesvegar har bruksklasse bk8 (maks aksellast 8 tonn) og fleire av fylkesvegane har avgrensing i vogntoglengde. Delar av vegnettet er smalt, bratt og svingete. For fleire av tunnelane er det høgdeavgrensing på 4,0 m. Kontrakten omfattar også 3 lengre bruer, Oldersund, Rugsund og Nordalsfjordbrua. Det er ein undersjøisk tunnel, Skatestraumstunnelen.

Kontraktområdet ligg langs kysten og det er difor lite snø og snørasproblematikk. Strekninga som er mest utsett for snøskred er fv. 614 i Magnhildskaret. Her sprenger vi snøfonna når rasfaren vert overhengande. Fv. 614 mellom Ålfoten og Svelgen har også normalt mykje snø. Det er fleire stigningar på vegnettet som er utfordrande for framkomsten om vinteren og som stiller spesielle krav til vinterdrifta. Her kan vi nemne fv. 614 Haukå – Magnhildskaret, fv. 614 Svelgen – Langesjøvatnet og fv. 616 Oldeidebakkane. Fleire strekningar er utsett for is- og steinnedfall. Dei mest utsette punkta er sikra med stein- og isnett.

Endring i vegnettet

Bremangersambandet 2 frå Kolset til Bortnen og tunnel vidare til fv. 614 ved Sjørdalsvatnet i Bremanger kommune kjem til som nytt vegsamband. Total veglengde 11,8 km, der Bortnetunnelen utgjer 4,8 km. I tillegg vert det bygd 2,5 km ny gang- og sykkelveg ved Kolset. Anlegget er venta ferdig i mai 2013. Dette vil medføre endringar i trafikkmonsteret i området, og vil gje mindre trafikk på fv. 616 mellom Isane og Kolset.

Dagens ferjesamband mellom Kjelkenes og Smørhamn blir lagt ned. Smørhamn kai blir oppretthalden som ekspressbåtkai. Vegarm til kaia vil truleg framleis vera fylkesveg. Kjelkenes ferjekai blir lagt ned og vi finn det naturleg at ferjekaia med tilhøyrande vegarm og oppstillingsplass blir omklassifisert eller nedlagt. Dette skal handsamast som eiga sak. Opning av Bremangersambandet vil gje auka drift- og vedlikehaldskostnader for ny veg, gangveg og tunnel. Det vert noko reduserte kostnader med drift og vedlikehald av kaier.

Klimatiske forhold

Kontraktområdet ligg nær kysten, og er nedbørsrikt med kraftig vind. Mengde snø på bakken er svært varierande. Det er ofte temperatursvingingar kring null grader i vinterhalvåret. Tida med samanhengande ”kvit vinter” er kort for store deler av kontraktområdet. Normal årsmiddelnedbør innanfor kontraktområdet er 1500 – 5000 mm/år. Normal årsmiddeltemperatur er 4,9 – 7,5 grader.

Innhald i driftskontrakten

Kontrakten omfattar i hovudsak alle drift- og vedlikehaldsoppgåver. Under er det lista opp ein del sentrale punkt i kontrakten:

- Drift av drens-system for å sikre vatn fritt løp
- Lapping og reparasjon av lokale skadar i asfaltdekker, oppgrusing av lommer

- Drift/vedlikehald av murar, støyskjermar, stabilitetssikring, kantstein, gjerde, rekkverk, skilt og anna vegutstyr, rasteplassar, leskur, etc.
- Drift av grøntareal og skråningar
- Reinhold
- Inspeksjon, reinhold og reinsk av tunnelar
- Ras og flaum: Avsperring, vurdering og opprydding
- Trafikkberedskap
- Inspeksjon, reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaier
- Vinterdrift

Det blir stilt krav til beredskap og entreprenøren skal kunne rykke ut og foreta nødvendige avsperringar/omskiltingar for å ivareta trafikktrygging og trafikkavvikling. Entreprenøren skal etablere beredskap der han heile året kan rykke ut med nødvendig mannskap og materiell.

Oppgåver som ikkje inngår i denne kontrakten:

- Dekkefornyng
- Oppmerking
- Drift av lys
- Indre vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drens- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer og kaier
- Investeringsoppgåver
- Drift av ferjesamband

Vinterstrategi

I Region vest har riks- og fylkesvegar blitt drifta etter to typar vinterstrategiar, «barvegstrategi» og «vintervegstrategi», og som ein variant av «vinterstrategi» har vi hatt «mellomstrategi».

I hovudsak har fylkesvegnettet i Ytre Sunnfjord blitt drifta etter vinterstrategi. I overgangsperiodar med bar vegbane har dei viktigaste vegane blitt drifta med mellomstrategi. Riksveg 5 frå Naustdalstunnelen til Florø blir drifta etter barvegstrategi.

I noverande driftskontrakt er det mellomstrategi på om lag 1/3 av vegnettet. Vår erfaring med dette er svært god. Vi meiner at prisen for mellomstrategi og vinterstrategi er om lag lik. Mellomstrategi vil gje betre veggrep for trafikantane i periodar med tilnærma berr veg. Vi kan salte preventivt før det dannar seg is og rim på vegen. Med vinterstrategi vert tiltak i form av strøing med sand sett i verk 2-4 timar etter at veggrepet er under friksjonskrava i HB 111.

I dagens kontrakt vert det for det meste nytta fukta salt spreidd på vegbana med tallerkenspreatar. Vi ønskjer i framtida å nytte saltløyning i staden for fukta salt.

Standard for vinterdrift

I ny handbok 111 er vegnettet inndelt i klasser for vinterdrifta. Driftsklasse A og B er tilnærma «barvegstrategi». Driftsklasse C er tilnærma «mellomstrategi». Driftsklasse D og E er tilnærma vinterveg.

Barvegstrategi

Det er to driftsklasser innan barvegstrategi: Vinterdriftsklasse A: Det skal vera berr veg (tørr eller våt) heile året.

Vinterdriftsklasse B: Hard snø/is tillate utanom hjulspor i avgrensa tidsrom.

Mellomstrategi

Vinterdriftsklasse C: Godkjent føreforhold er berr veg (tørr eller våt) i milde periodar og hard snø/is i kalde periodar.

Mellomstrategi er ikkje skildra i den gamle handbok 111, men har vore mykje nytta i Region vest. Metoden fungerer slik at når ein har berr veg og det er fare for rimfrost på vegen, skal vegen saltast før ein eventuelt får rimfrost/ kuldenedslag for å hindre glatt veg. Entreprenøren nyttar mellom anna vêrmelding og vêrprognosar for å vurdere behovet for denne type salting. Vegar med "mellomstrategi" skal elles driftast som vinterveg når det er snø/isdekke på vegen.

Vintervegstrategi

Vinterdriftsklasse D og E: Vi aksepterer snø- og isdekke heile eller delar av vinteren. Strøing ved glatt veg vert normalt

Saltløyising har ein langt meir gunstig effekt ved preventiv salting. Saltmengda vil bli om lag halvert i forhold til bruk av fukta salt.

Klimaet i kontraktområdet er svært gunstig for preventiv salting. Relativt lite snøfall, berre vegar og temperaturar som svingar rundt null grader er forhold der mellomstrategi med preventiv salting er beste metode.

Tilråding

Med bakgrunn i erfaring frå noverande og førre driftskontrakt og andre kontraktar i Region vest, tilrår vi å nytte mellomstrategi, dvs. driftsklasse C med saltløyising som saltmetode, for heile vegnettet i Ytre Sunnfjord.

Unntak: Fv. 533 på Skorpa og om lag ein kilometer av fv. 548 Brandsøy – samfunnshuset i Flora (Firdavegen) vert tilrådd drifta etter driftsklasse D (vinterstrategi). På Skorpa er det vanskeleg og kostbart å få på plass bil med saltspreiar, og på Firdavegen er det drikkevasskjelde på strekninga. Kommunen har bede om at det ikkje vert nytta salt forbi denne.

Krav til utstyr i kontrakten

I driftskontrakten for Ytre Sunnfjord er det i dag ikkje sett krav til kva utstyr entreprenøren skal nytte. Vinteren 2011 hadde vi fleire tilfelle i fylket der det vart avdekka avvik på krav til minimum snø- og issøle. Vi meiner at ei av årsakene til dette var at entreprenørane ikkje hadde tilgjengelig rett utstyr til å sette i verk tiltak. Sidan vi ikkje har krav til utstyr i driftskontrakten, har entreprenørane erstatta dei tunge veghøvlane med lettare utstyr som lastebil med midtmontert skjær. Dette har vist seg å vere for lett utstyr ved slike forhold som vi hadde sist vinter.

Med erfaring frå noverande kontrakt, ønskjer vi å legge føringar om tilgjengeleg snøfres for rømming og opning av vinterveg. Spesielt gjeld dette fv. 614 over Ålfotedalen og i Magnhildskaret.

Tilråding

Vi tilrår å sette krav i kontrakten om at driftsentreprenøren må disponere minst ein veghøvel i kontraktområdet.

Vi tilrår å sette krav i kontrakten om at driftsentreprenøren må disponere snøfres i periodar med ras og snøfokk.

Kontraktspisar

Kontraktsummen for gjeldande driftskontrakt, 1404 Ytre Sunnfjord 2008 – 2013, var på 90 mill. i 2008-kr. Med 11,1 % prisstigning for perioden 2008 – 2012 vil kontraktspisen i 2012 ligge på 100 mill. i 2012-kr, dvs. ein årleg kontraktspis i 2012 på 20 mill. 2012-kr. Dette omfattar både riks og fylkesvegar og fordelar seg med kr 3,7 mill. kr. på riksveg og 16,3 mill. kr. på fylkesveg.

4. VURDERING OG KONSEKVENSA

Det nye vegsambandet mellom Bremanger og Svelgen, Bremangersambandet 2, vil gje auka kostnad for drift av vegane i Ytre Sunnfjord-kontrakten. Nedlegging av ferjesambandet Kjelkenes – Smørhamn vil gje mest utslag på ferjebudsjettet. Statens vegvesen reknar med at tilleggskostnad for drift som følgje av endra krav i ny handbok 111 kan bli i storleiken 2 mill. kr. pr. år.

5. KONKLUSJON

Fylkesdirektøren tilrår at følgjande vert lagt til grunn ved utlysning av driftskontrakt for Ytre Sunnfjord for perioden 2013-2018:

1. Ny handbok 111 vert lagt til grunn for drift- og vedlikehald av fylkesvegar i Sogn og Fjordane.
2. Fylkesvegnettet i Ytre Sunnfjordkontrakten skal driftast etter mellomstrategi for vinterdrift (driftsklasse C), med unntak av fv. 553 på Skorpa og fv. 548 Firdavegen i Flora.
3. Driftsentreprenøren må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
4. Driftsentreprenøren må disponere snøfres i periodar med ras og snøfokk.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑